



KOMMUNAL- OG
MODERNISERINGS-
DEPARTEMENTET
Postboks 8112 DEP
0032 OSLO

Vår ref.: 2017/1540-4 | Sakshandsamar:
Sigrid Bjørgum
sigrid.bjorgum@bykle.kommune.no

Dato
14.12.2017

Melding om vedtak

Høyring- forslag om endringar i vannforskrifta

Saksprotokoll i Kommunestyre - 07.12.2017

Saka vart drøfta
Tilrådinga vart samrøystes vedteke

Bykle stør ikkje dei endringane som er føreslege i vannforskrifta om at vannforvaltingsplanane ikkje lenger skal handsamast som regionale planar etter plan- og bygningslova og at fylkeskommunen ikkje lenger skal ha ei formell rolle i vassforvaltingsarbeidet.

Dette grunngjev vi med:

- Regional plan etter plan og bygningslova er eit godt verktøy for å fremme sektorovergripande og heilskapleg vassforvalting, og for å nå måla om godt vassmiljø.
- Den organiseringa som er i dag er viktig for å sikre god politisk forankring i kommunane, engasjere lokalsamfunna og aktiv deltaking frå alle partar.
- Det regionale nivå som fylkeskommunane representerer bør framleis ha plan- og prosessansvar for dei regionale vannforvaltingsplanane med tiltaksprogram fordi fylkeskommunen har ein omfattande rolle som regionale samordnar og samfunnsutviklar.
- Omfattande endringar i vannforskrifta må gjerast på grunnlag av evaluering av prosess og gjennomføring av vannforvaltingsplanar sett under eitt.

Med helsing
Bykle kommune

Sigrid Bjørgum
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og sendast utan underskrift.

AUST-AGDER FYLKESKOMMUNE

Postboks 788 Stoa



Saksmappe: 2017/1540
Sakshandsamar: SBJ
Dato: 23.11.2017

SAKSFRAMLEGG

Utv.saksnr	Utvalg	Møtedato
135/17	Kommunestyre	07.12.2017

Høyring- forslag om endringar i vannforskrifta.

Saksprotokoll i Kommunestyre - 07.12.2017

Saka vart drøfta
Tilrådinga vart samrøystes vedteke

Bykle stør ikkje dei endringane som er føreslege i vannforskrifta om at vannforvaltingsplanane ikkje lenger skal handsamast som regionale planar etter plan- og bygningslova og at fylkeskommunen ikkje lenger skal ha ei formell rolle i vassforvaltingsarbeidet.

Dette grunngev vi med:

- Regional plan etter plan og bygningslova er eit godt verktøy for å fremme sektorovergripande og heilskapleg vassforvalting, og for å nå måla om godt vassmiljø.
- Den organiseringa som er i dag er viktig for å sikre god politisk forankring i kommunane, engasjere lokalsamfunna og aktiv deltaking frå alle paratar.
- Det regionale nivå som fylkeskommunane representerer bør framleis ha plan- og prosessansvar for dei regionale vannforvaltingsplanane med tiltaksprogram fordi fylkeskommunen har ein omfattande rolle som regionale samordnar og samfunnsutviklar.
- Omfattande endringar i vannforskrifta må gjerast på grunnlag av evaluering av prosess og gjennomføring av vannforvaltingsplanar sett under eitt.

Rådmannen si tilråding:

Bykle stør ikkje dei endringane som er føreslege i vannforskrifta om at vannforvaltingsplanane ikkje lenger skal handsamast som regionale planar etter plan- og bygningslova og at fylkeskommunen ikkje lenger skal ha ei formell rolle i vassforvaltingsarbeidet.

Dette grunngev vi med:

- Regional plan etter plan og bygningslova er eit godt verktøy for å fremme sektorovergripande og heilskapleg vassforvaltning, og for å nå måla om godt vassmiljø.
- Den organiseringa som er i dag er viktig for å sikre god politisk forankring i kommunane, engasjere lokalsamfunna og aktiv deltaking frå alle partar.
- Det regionale nivå som fylkeskommunane representerer bør framleis ha plan- og prosessansvar for dei regionale vannforvaltingsplanane med tiltaksprogram fordi fylkeskommunen har ein omfattande rolle som regionale samordnar og samfunnsutviklar.
- Omfattande endringar i vannforskrifta må gjerast på grunnlag av evaluering av prosess og gjennomføring av vannforvaltingsplanar sett under eitt.

SAKSUTGREIING

Samandrag/ konklusjon

Bykle kommune går inn for at arbeidet med vassforvaltning framleis er heimla i plan- og bygningslova og styrt av Fylkeskommunen, med politisk forankring, framfor at det vert heimla i naturmangfaldslova og at arbeidet vert styrt av Fylkesmannen.

Bakgrunn for saka

Noreg slutta seg til EU's rammedirektiv for vatn gjennom «forskrift om rammer for vassforvaltning som trådde i kraft i 2007. Føremålet med denne er å «gi rammer for fastsetting av miljømål som skal sikre ei berekraftig bruk av vassførekomstane» Forskrifta skal også sikre at det vert utarbeida regionale vassforvaltingsplanar med sikte på å nå miljømåla. Vassforvaltingsplanane vert utarbeidd som regionale planar etter plan – og bygningslova og vassforskrifta. Arbeidet følgjer ikkje kommune- eller fylkesgrenser, men nedbørsfelt. Så skal ein arbeide heilskapleg på tvers av sektoransvar og geografiske grenser i eit langsiktig perspektiv.

Formelt grunnlag

Arbeidet med vannforvaltingsplanar skal etter endringa flyttast frå Fylkeskommunen til Fylkesmannen og heimlast i Naturmangfaldslova i staden for, slik som no, i plan og bygningslova.

Vurderingar og konsekvensar

Den 5.oktober kom høyringsnotatet «Forslag til endringar i naturmangfoldloven og vannforskriften».

I høyringsnotatet vert det sagt at det på bakgrunn av erfaringar med arbeidet av gjeldande forvaltingsplanar, og fordi desse i framtida berre skal revurderast og oppdaterast, så vil departementa gjere endringar i vannforskrifta og naturmangfaldslova.

Desse endringane går ut på:

- Vannforvaltingsplanane skal ikkje lenger vere regionale planar etter plan og bygningslova, men heimlast i naturmangfaldslova.
- Fylkeskommunen skal ikkje lenger ha noko formell rolle i vassforvaltning
- Fylkesmennene skal koordinere det førebuande regionale arbeidet og Miljødirektoratet skal i samråd med andre direktorat syte for høyring og utarbeiding av dei regionale oppdaterte vassforvaltingsplanane.

Det er tre grunnar til at desse endringane er føreslege:

1. Meir effektive prosessar
2. Meir kostnadseffektivt.
3. Bedre samsvar med vassdirektivet.

Høyringsnotatet seier at etter endring av Plan – og bygningslova i 2016, er det no berre vannforvaltingsplanar av regionale planar som krev sentral godkjenning. Departementet meiner dette vil underbygge at vassforvaltingsplanar krev større grad av nasjonal heilskapstenking. Dei viser også til at forsyningssikkerheit for elektrisk kraft er eit nasjonal ansvar, og at vassforvaltingsplanane utgjer Noreg si oppfølging av eit EU direktiv og at dette også er eit nasjonalt ansvar.

For Bykle kommune sin del har ein gjennom vannforvaltingsplanar og oppfølging av denne, prøvd å fokusere på det som er viktig lokalt, og det er å minimere dei miljømessige skadeverknadene av vasskraftutbygginga. Dette heng svært mykje saman med arbeidet med revisjon av konsesjonsvilkår, som går på å finne løysingar som gjev betre miljøtilhøve lokalt, utan tap av fornybar energi. Rådmannen ser det som naturleg at dette vert styrt politisk.

Konsekvensar for folkehelse

At vatn har god kvalitet betyr mykje for folkehelse.

Bykle, **23.11.17**

Rådmann

Vedlegg:

https://www.regjeringen.no/contentassets/f1ee352f3a0b4b9bb08bf0ade45c1378/horingsnotat_forslag_til_endringer_i_naturmangfoldloven_og_vannforskriften_171005.pdf

**Melding om vedtak blir sendt til:
postmottak@kld.dep.no**